



## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Rådhuset, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	02.03.2022
<b>Tid:</b>	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette så tidleg som råd er ved å **ringa til** Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Bjørg Tislevoil  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Kommunedirektør/Rådmann

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	Godkjenningssaker		
GK 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.2021	033	
	Politiske saker		
PS 1/22	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - prosjektplan	217	
PS 2/22	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2021	146	
PS 3/22	Møteplan 2022 for kontrollutvalet	033	
PS 4/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 5/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 1/22	Budsjettvedtak 2022 for kontrollutvalet	151	
RS 2/22	FKT - Fagkonferanse juni 2022	073	
RS 3/22	FKT - Medlemsinfo desember 2021	073	



## **GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/120-1  
**Saksbehandlar** Helge Inge Johansen  
:

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	2/22	02.03.2022

### Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.2021 er vedlagt saka



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kommunestyresalen, Rådhuset
<b>Dato:</b>	29.11.2021
<b>Tid:</b>	10:00 - 11:00

### Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Tislevoll	Leiar	H
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP
Frank Solli	Medlem	FRP

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleiar	AP

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Merknader

Kjell Aleksander Skogsrud hadde meldt forfall til møtet. Varamedlem hadde ikkje anledning til å møte for han.

### Andre som møtte:

Namn	Stilling
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Bjørg Tislevoll  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Sakliste

Utvals-

Innhald

Arkiv-

U.Off

saknr

saknr

**Godkjenningssaker**

GK 11/21	Godkjenning av innkalling og saksliste	
GK 12/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 01.09.2021	2019/143

**Politiske saker**

PS 26/21	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2019/127
PS 27/21	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Fitjar kommune	2020/140
PS 28/21	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2021	2019/135
PS 29/21	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2021	2019/135
PS 30/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138
PS 31/21	Eventuelt	2020/64

**Referatsaker**

RS 11/21	FKT - Medlemsinformasjon september 2021	2020/70
RS 12/21	Årsmelding mobbeombod 2020-2021 - VLFK	2020/64

## **Godkjenningssaker**

### **GK 11/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### **GK 12/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 01.09.2021**

**Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 01.09.2021.

#### **Vedtak**

Protokoll frå møte 01.09.2021 vart godkjent.

## **Politiske saker**

### **PS 26/21 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan.....
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 15.01.2022.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i første møte i 2022.

**Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Kontrollutvalet diskutert kort prosjekta slik dei kjem fram av prioritert forvaltningsrevisjonsprosjekt og prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet diskuterte spesielt prosjekt nr. 1, nr. 2 og nr. 3 i lista for prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Ut i frå ei samla vurdering vart kontrollutvalet einig om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan institusjons- og heimeteneste.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

#### **Vedtak**



1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan institusjons- og heimeteneste.
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 09.02.2022.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 02.03.2022

## **PS 27/21 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Fitjar kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune, til etterretning

## **Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Else Holst-Larsen partner i Deloitte AS presenterte eigenvurderinga for kontrollutvalet.

Deloitte AS har ikkje hatt andre oppdrag for Fitjar kommune enn det som er bestilt av kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune til etterretning

## **PS 28/21 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2021**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapan for 2021 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2022, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

## **Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Partner Else Holst-Larsen presenterte revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2021 for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.

2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2021 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2022, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

## **PS 29/21 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2021**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2021 frå Deloitte AS til orientering.

## **Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Partner Else Holst-Larsen i Deloitte AS presenterte resultatet etter arbeid med interimrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2021 frå Deloitte AS til orientering.

## **PS 30/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## **Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## **PS 31/21 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

## **Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

#### Første møte i kontrollutvalet i 2022

Kontrollutvalet vart einig om at første møte i kontrollutvalet i 2022 vert 02.03.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet skal ha møte 02.03.2022.

**Referatsaker**

**RS 11/21 FKT - Medlemsinformasjon september 2021**

**Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

**RS 12/21 Årsmelding mobbeombod 2020-2021 - VLFK**

**Saksprotokoll 29.11.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/214-1  
**Saksbehandlar** Helge Inge Johansen  
:

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	1/22	02.03.2022

## Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - prosjektplan

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 23.03.2022. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 01.04.2023, inkludert rådmannen sin uttale.

### Samandrag

Kontrollutvalet skal i dette møte handsama prosjektplan gjeldande forvaltningsrevisjon av institusjons- og heimetenestene. Det vert tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte, eventuelt at kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan. Det kjem fram av prosjektplanen at forvaltningsrevisjonsrapporten er klar våren 2023, og at kontrollutvalet handsamar denne i april- eller maimøtet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 29.11.2021 (PS 26/21) ny forvaltningsrevisjon:

«Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan institusjons- og heimeteneste.
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 09.02.2022.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 02.03.2022»

Sekretariatet har motteke prosjektplanen frå Deloitte og denne er vedlagt saka (sjå vedlegg).

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

### Vurderingar og verknader

#### Av prosjektplanen kjem det fram at føremålet med prosjektplanen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere om Fitjar kommune har system som sikrar tilfredsstillande kompetanse og kapasitet til å ivareta lovpålagte tenester innanfor institusjons- og heimetenestene.

#### Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er det samsvar mellom tilbod og behov for institusjons- og heimetenester i Fitjar kommune?
  - a) Er tilbodet på ulike omsorgsnivå dimensjonert i samsvar med pleiebehovet?
  - b) Er det ventelister/overkapasitet for ulike tilbod?
  - c) Har kommunen tatt i bruk tilstrekkeleg velferdsteknologi?
  - d) Er det etablert ei samhandling mellom tenestekontoret og utførande einingar som sikrar rett nivå på tenestene?
2. I kva grad har kommunen sikra tilstrekkeleg med ressursar med rett kompetanse i tenestene?
  - a) Har kommunen ei bemanning som er tilstrekkeleg med omsyn til å levere naudsynte tenester?
    - i) Er det etablert bemanningsplanar i tenestene?
    - ii) Er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning i tenestene?
  - b) Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane?
    - i) Ved rekruttering
    - ii) Gjennom kompetansehevande tiltak
  - c) Klarer tenestene å ivareta tilfredsstillande nærvær blant medarbeidarane?
    - i) Blir det arbeidd systematisk med å redusere sjukefråværet blant medarbeidarane?

### Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, analyse av statistikk og verifisering/høyring som metode.

### **Tid og ressursbruk**

Timeestimat for prosjektet er inntil 254 timar. Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at dert vert disponert ein ressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.

Prosjektet vil starte opp i 2022 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet våren 2023. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen, og med stipulert timebruk, er det naudsynt at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre, og at informasjonen elles vert teken til orientering.

### **Konklusjon**

Det vert invitert til at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen.



Forvaltningsrevisjon | Fitjar kommune

Institusjons- og heimetenestene

Prosjektplan

Februar 2022

«Forvaltningsrevisjon av institusjons- og  
heimetenestene - prosjektplan»

Februar 2022

Prosjektplanen er utarbeidd for Fitjar  
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen, 5892  
Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
[forvaltningsrevisjon@deloitte.no](mailto:forvaltningsrevisjon@deloitte.no)



# Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterier	3
3	Metode	5
4	Tid og ressursbruk	6

# 1 Føremål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 29. november 2021, sak PS 26/21 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av institusjons- og heimetenestene i Fitjar kommune.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere om Fitjar kommune har system som sikrar tilfredsstillande kompetanse og kapasitet til å ivareta lovpålagte tenester innanfor institusjons- og heimetenestene.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad er det samsvar mellom **tilbod og behov** for institusjons- og heimetenester i Fitjar kommune?
  - a) Er tilbodet på ulike omsorgsnivå dimensjonert i samsvar med pleiebehovet?
  - b) Er det ventelister/overkapasitet for ulike tilbod?
  - c) Har kommunen tatt i bruk tilstrekkeleg velferdsteknologi?
  - d) Er det etablert ei samhandling mellom tenestekontoret og utførande einingar som sikrar rett nivå på tenestene?
  
2. I kva grad har kommunen sikra **tilstrekkeleg med ressursar med rett kompetanse** i tenestene?
  - a) Har kommunen ei bemanning som er tilstrekkeleg med omsyn til å levere naudsynte tenester?
    - i) Er det etablert bemanningsplanar i tenestene?
    - ii) Er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning i tenestene?
  - b) Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane?
    - i) Ved rekruttering
    - ii) Gjennom kompetansehevande tiltak
  - c) Klarer tenestene å ivareta tilfredsstillande nærvær blant medarbeidarane?
    - i) Blir det arbeidd systematisk med å redusere sjukefråværet blant medarbeidarane?

## 1.3 Avgrensing

Prosjektet vil fokusere på tenester for praktisk hjelp i heimen, helsetenester i heimen, samt institusjonstenester (Fitjar bu- og behandlingssenter).

# 2 Revisjonskriterier

## 2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

## 2.2 Krav i lov og forskrift

### 2.2.1 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 første ledd skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. I andre ledd i same paragraf går det fram at kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, inkludert personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.

I dette prosjektet er merkemda retta mot den delen av helse- og omsorgstenestene som er omfatta av § 3-2 første ledd nummer 6 bokstav a-c:

- a. helsetjenester i hjemmet,
- b. personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt og
- c. plass i institusjon, herunder sykehjem.

Det vil bli retta særskilt merkemnd mot helse- og omsorgstenester til eldre.

Kommunen sitt ansvar for tilbod om opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnsstenester er nærare omtala i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a først ledd, der det mellom anna går fram at:

Kommunen skal tilby opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heldøgns tjenester dersom dette etter en helse- og omsorgsfaglig vurdering er det eneste tilbudet som kan sikre pasienten eller brukeren nødvendige og forsvarlige helse- og omsorgstjenester

Jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd er kommunen pålagt å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at helse- og omsorgstenestenes omfang og innhald er i samsvar med krav fastsett i lov og forskrift. Pliktene til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere er nærare regulert i eiga forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta.

### 2.2.2 Oversikt over tilsette sin kompetanse og behov for opplæring

§ 4-2 i helse- og omsorgstenestelova omhandlar kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik. Her står det at den som yter helse- og omsorgstenester skal sørge for at verksemda arbeider systematisk for kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik.

I § 3 i forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta står det følgjande om overordna ansvar:

Den som har det overordnede ansvaret for virksomheten skal sørge for at det etableres og gjennomføres systematisk styring av virksomhetens aktiviteter i tråd med denne forskriften og at medarbeiderne i virksomheten medvirker til dette.

I forskrifta går det fram at verksemda skal ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring, jf. § 6 bokstav f). I forskrifta § 7 bokstav b) går det fram at verksemda skal sørge for at medarbeidarar i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystem.

I Helsedirektoratet sin rettleiar<sup>1</sup> til forskrifta, blir det vist til at det er øvste leiar sitt ansvar å sørge for system som sikrar at medarbeidarane har kunnskap og ferdigheiter til å utføre oppgåvene sine, og at dette føreset at

---

<sup>1</sup> Helsedirektoratet: Veileder til forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten. Sist endra 29.10.2018.

verksemda jamleg gjennomfører kompetansekartleggingar, rekrutterer medarbeidarar med rett kompetanse og sørgjer for at dei får tilstrekkeleg opplæring og etter- og vidareutdanning.

### **2.2.3 Plikt til samhandling og samarbeid**

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-4 pliktar kommunen å legge til rette for samhandling mellom ulike deltenester innan kommunen og med andre tenesteytarar der dette er nødvendig for å tilby tenester av lova. Kommunen skal også samarbeide med fylkeskommune, regionalt helseføretak og stat.

§§ 6-1 – 6-2 pålegg Kommunen å inngå samarbeidsavtale med helseføretak, anten aleine eller saman med andre kommunar, for å bidra til at pasientar og brukarar mottar eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

### **2.2.4 Betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar**

Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar har som føremål å bidra til betre arbeidsfordeling mellom tenestenivåa i helse- og omsorgstenesta, skape gode pasientforløp og kostnadseffektive løysingar som kan gi pasientar eit like godt eller betre tilbod i kommunen si helse- og omsorgsteneste som i spesialisthelsetenesta (§ 1).

Forskrifta regulerer mellom anna vilkåra for at ein pasient er utskrivingsklar. Av § 9 går det fram at pasient i somatisk døgnavdeling er utskrivingsklar når lege ved helseinstitusjon omfatta av spesialisthelsetenestelova vurderer at det ikkje er behov for ytterlegare behandling ved døgnopphald i helseinstitusjonen.

Når ein pasient er definert som utskrivingsklar, skal spesialisthelsetenesta straks varsle kommunen dersom pasienten har behov for eit kommunalt helse- og omsorgstenestetilbod. Kommunen må anten kunne gje tilbod om kommunale helse- og omsorgstenester til pasienten, eller betale for «overliggedøgn» i spesialisthelsetenesta i påvente av eit kommunalt helse- og omsorgstenestetilbod. I Forskingsrådet si evaluering av samhandlingsreforma blir det peikt på at tanken bak den kommunale betalingsplikta er at kommunen skal kunne sørge for eit «billigere men tilstrekkelig godt helse- og omsorgstilbud, og at kommunen derfor kan gjøre budsjettbesparelser samtidig som liggetiden blir kortere og sykehussenger frigjøres om kommunen velger å ta pasienten hjem».<sup>2</sup>

Vidare blir det i evalueringa peikt på at det etter reforma er ei auke i talet på pasientar som blir skrivne ut til kommunane, og at reforma har ført til ei auke i kommunane sine utgifter til pleie og omsorg. I rapporten blir det vist til at dei auka utgiftene framfor alt har gått med til å auke bemanninga av pleiepersonell med høgare kompetanse i heimetenesta og på sjukeheimar.

### **2.2.5 Augeblikkeleg hjelp – døgnopphald**

Samhandlingsreforma har som mål å bygge ut tenester der folk bur, og det er difor stilt krav om at kommunane skal tilby døgnopphald for augeblikkeleg hjelp. Kravet til døgnopphald går fram av helse- og omsorgstenestelova § 3-5 tredje ledd, der det står at kommunen skal sørge for tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for augeblikkeleg hjelp. Det er presisert at plikta berre gjeld for dei pasientar og brukarar som kommunen har moglegheit til å utgreie, behandle eller yte omsorg.

## **2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak**

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

---

<sup>2</sup> Forskingsrådet: Evaluering av samhandlingsreformen, Sluttrapport fra styringsgruppen for forskningsbasert følgeevaluering av samhandlingsreformen (EVASAM). 2016. s. 25.

# 3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

## 3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

## 3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar frå Fitjar kommune som er involvert i institusjons- og heimetenesene. Vi vil intervjuje leiarar for ulike einingar innan helse og omsorg. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 3-4 intervju.

## 3.3 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte statistikk frå KOSTRA, KPR og liknande register knytt til sentrale variablar innan helse og omsorg for å samanlikne Fitjar kommune med samanliknbare kommunar.

## 3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

# 4 Tid og ressursbruk

## 4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Frode Løvlie og ein prosjektmedarbeidar. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

## 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 254 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

## 4.3 Gjennomføringsplan

Prosjektet vil starte opp i 2022. Nøyaktig tidspunkt avtalt med kontrollutvalet. Rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet våren 2023.<sup>3</sup> For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Fitjar kommune og Deloitte.

Bergen, 18. februar 2022



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

---

<sup>3</sup> Deloitte gjennomfører alltid ein uavhengighetssjekk før oppstart av prosjekter for å sikre at vi oppfyller krava om uavhengigheit som blir stilt til revisor, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16. Gjennomføringa av prosjektet føreset at denne sjekken ikkje avdekkjer *faktiske uavhengigheitskonfliktar* (til dømes at vi står i fare for å revidere eige arbeid, nære relasjonar o.l.) eller *tilsynelatande uavhengigheitskonfliktar* (der det ikkje er faktiske brot på uavhengigheita, men det er kan vere risiko for at tilliten til våre vurderingar og funn blir svekka på grunn av ulike forhold knytt til saka).



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

© 2022 Deloitte AS



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/118-1  
**Saksbehandlar** Helge Inge Johansen  
:

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	2/22	02.03.2022

## Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2021

### Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet.

### Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2021. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2021. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

*«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»*

### Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»*

### Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

### Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga



**ÅRSMELDING 2021**

**FOR KONTROLLUTVALET I**

**FITJAR KOMMUNE**



# 1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

*Kontrollutvalget skal påse at*

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

## 2 Samansetjing av kontrollutvalet

**Kontrollutvalet for valperioden 2019 – 2023 er slik samansett:**

### **Medlemmer**

Björg Tislevoll, H, leiar

Kjell Aleksander Skogsrud, Ap, nestleiar

Jostein Sandvik, Krf

Gro Rydland, Sp

Frank Solli, Frp

### **Personlege varamedlemmer**

1. Holger Peitisch, H  
2. Herbjørn Skumsnes, H

1. Kjell Magnar Helland, Ap

1. Trond Stokken, Krf  
2. Torunn K. Aarskog, Krf

1. Geir Ingolf Strand, Sp  
2. Lars Ove Rimmereid, Sp

1. Jostein Skram, Frp  
2. Anne Merete R. Opshaug, Frp

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Frank Solli er kommunestyremedlem.

## 3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2021

- Kontrollutvalet hadde 6 møter og handsama 31 saker i 2021.
- Grunna Covid-19 situasjonen har kontrollutvalet måtta gjennomføre nokre av møta som fjernmøte.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

## 4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

*Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov.*

*Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.*

*Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.*

*Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til*

- a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget*
- b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen*
- c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.*

*Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.*

*Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.*

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Fitjar kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretær oppgaver på kontrollutvalgs møter i 2021.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvalga i disse kommunane: Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. Sekretariatet utfører og sekretariatstenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet i Fitjar kommune gjeld frå 01.01.2017 til 30.06.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år.

## 5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS er revisor for Fitjar kommune. Det vart gjennomført konkurranse og innhenta tilbod på revisjonstenester vinteren 2020/2021. Etter gjennomført konkurranse og handsaming av saka i kontrollutvalet fatta kommunestyret slikt vedtak i møte 28.04.2021 under sak PS 16/2021;

«Kommunestyret i Fitjar kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 til 30.06.2025.»

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2021. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Else Holst-Larsen, som i tråd med regleverket, har lagt eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Fitjar kommune fram for kontrollutvalet.

## 6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) *det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»*

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i.

I 2021 vart det arbeidd ein del med ein revisjon som både var forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det galdt Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Sjå pkt. 7.2 nedanfor.

### 6.1 **Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024**

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap. På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i kommunestyret 14.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.»

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Kvalitet i grunnskulen
2. Bemanning, personal og sjukefråvær
3. Institusjons- og heimeteneste
4. Interkommunale samarbeid
5. Arkiv og offentlegheit
6. Plan- og byggesak
7. Tilpassa opplæring og spesialundervisning
8. Internkontroll og kvalitetssystem
9. Drift og vedlikehald av kommunale bygg

## **6.2 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av desse.**

### **Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.**

Kontrollutvalet bestilte 21.02.2019 forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging. Grunna den økonomiske situasjonen for kontrollutvalet måtte arbeidet fordelast over to år, der det meste av arbeidet vert utført haust 2019 og vinter 2019/2020.

Ut frå tilrådingar som revisor kom med i rapporten innstilte kontrollutvalet til kommunestyret i saka. Kommunestyret handsama saka og gjorde slikt vedtak i møte 17.06.2020:

«Kommunestyret ber rådmannen:

1. Sørge for at kommunen tar i bruk eit føremålstenleg felles system for registrering og oppfølging av vedtak og etablere retningslinjer og praksis for bruk av dette systemet
2. Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn i mal for saksførebuing, og etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som inneheld rettleiing til punkta som ligg i malen for saksførebuing
3. Sørge for at det blir ei meir jamleg rapportering av oversikt over status for vedtak til politisk nivå.
4. Tydeleggjere kva saker som skal handsamast under bolken «ymse» i dei politiske utvala og korleis dei eventuelt skal følgjast opp av rådmann.

5. Sikre at kommunen sine reglement for politiske møte blir etterlevd, og under dette at sakspapir blir sendt ut innan vedtatt frist.
6. Sørge for at det blir etablert føringar som kan bidra til å tydeleggjere korleis eldre planar skal tolkast i byggesakshandsaminga. Prioritere arbeid med å sikre eit tilstrekkeleg presist og oppdatert plangrunnlag å handsame byggesaker etter
7. Sørge for at rutinar og/eller sjekklister for byggesakshandsaming også inneheld punkt om å
  - a. undersøke tilsvarande saker som har vore handsama i kommunen.
  - b. konferere med alle relevante einingar eller funksjonar i kommunen.
8. Sørge for at rutinane for kvalitetssikring blir utbetra slik at det blir tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg.
9. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet handsama oppfølging av handlingsplanen i møte 03.03.2021. Dette vart vedteke:

«Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er gjort og vel å lukke saka».

## **7 Arbeid med eigarskapskontroll**

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap og kommunen si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 10 framanfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

## 7.1 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for eigarskapskontroll som vart handsama i kommunestyret 14.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Fitjar kommune vert vedteken med følgjande endring. Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS vert flytta frå prioritering nr. 3 til prioritering nr. 1. Kommunestyret ber om at det vert gjort eigarskapskontroll av FKIB AS i 2021 som er ferdig innan utgangen av august.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.»

## 7.2 Gjennomførte eigarskapskontroll

### **Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS**

Ettersom kommunestyret hadde ei bestilling til kontrollutvalet når plansakene vart handsama av kommunestyret 04.11.2020, har denne bestillinga prioritet framfor noko anna. Kommunestyret vedtok i møte 04.11.2020 at ein vil at det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. I møte 27.11.2020 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS.

Kontrollutvalet handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i møte 01.09.2021, innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret vart samrøystes vedteke, men med forlenga frist i punkt 3 i innstillinga.



«Innstilling

1. Fitjar kommune ber om at rådmannen følger opp forholda slik det kjem fram av revisjonsrapporten på s. 31 og 32.
2. Fitjar kommune ber om at selskapet følger opp forholda slik det kjem fram på s.32 i rapporten
3. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet frå rådmannen og leiinga i selskapet innan 1. april 2022, om korleis vedtaket vert fulgt opp»

## 8 Arbeid med rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet, der kontrollutvalet som ein del av saka gjev ein uttale til årsrekneskapen.

Dette vart mellom anna omtalt i uttalen:

«Av rekneskapen for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 7 254 000 dvs. netto resultatgrad på 2,22 % (Sett opp mot sum driftsinntekter kr. 327 130 000). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 2,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Fitjar kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2016 (+ 2,82 %), 2017 (+ 0,96 %), 2018 (+ 5,43 %), 2019 (+1,90,%) og 2020 (+ 2,22%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2020 er positivt. Det er noko høgare enn tilrådingane frå TBU og noko under snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fitjar kommune har ei lånegjeld i 2020 tilsvarende 69,7 % av sum driftsinntekter, altså noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 66,7 % i 2018 og 71,6% i 2019. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 16,2 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Totalt sett har Fitjar kommune tilfredstillande lånegjeld og eit driftsresultat for 2020 som er noko over tilrådinga frå TBU og litt lågare enn landsgjennomsnittet som i år er på 2,5 %. Det er gledeleg at disposisjonsfondet ligg langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2020 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 4,76 %.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2020.

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet

- Netto driftsresultat er på 2,22 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 69,7 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 4,76 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 16,2 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%»

## **9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Fitjar kommune er medlem i FKT. FKT arrangerar fagkonferansar, samt utarbeidar ulike vegleiarar, bl.a. om «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet». Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

## **10 Opplæring**

Bjørg Tislevoll og Gro Rydland har meldt seg på folkevaldopplæring for kommunane i Vestland sine kontrollutval, i februar 2022.

## **11 Kontrollutvalet på Fitjar kommune si heimeside.**

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida vart gjennomgått / revidert i 2021 og er no lagt til rette på ein god måte.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

## **12 Tilsyn frå Statsforvaltaren.**

Når til dømes Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Statsforvaltaren tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredsstillande måte, sender Statsforvaltaren melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har hatt referatsak om eksterne tilsyn i nokre av møta i 2021.

## **13 Andre saker handsama av kontrollutvalet**

Døme på andre saker kontrollutvalet har handama i 2021, lista er ikkje uttømmende:

- Årsmelding 2020 for kontrollutvalet
- Budsjett 2022 for kontrollutvalet
- Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - revisjonsrapport
- Val av ekstern revisor for Fitjar kommune etter ny konkurranse
- Rogaland Revisjon IKS - Vurdering av om Fitjar kommune skal gå inn som eigar
- Utvalet har og som fast punkt på saklista – gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Fitjar, 2. mars 2022.

Bjørg Tislevoll  
leiar i kontrollutvalet



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/115-1  
**Saksbehandlar** Helge Inge Johansen  
:

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	3/22	02.03.2022

### Møteplan 2022 for kontrollutvalet

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022:

Dato:
02.03.2022
04.05.2022
14.09.2022
07.12.2022

#### Samandrag

I dette møte skal kontrollutvalet vedta møteplan for 2022. Møta må tilpassast ut i frå om sakene skal vidare til formannskapet og kommunestyret.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskapet og kommunestyre. Kontrollutvalet vel sjølv ut i frå aktivitet kor mange møter ein må ha. I utgangspunktet er det planlagt med 5 møter i eit normalår for Fitjar kommune, i 2021 var det 6 møter grunna sak gjeldande konkurranse av revisjonstenester for Fitjar kommune. I 2022 er det planlagt med 4 møte. Dette kan sjølvstøtt verta endra dersom det kjem opp andre saker.

Kommunestyret har redusert budsjettet til kontrollutvalet for 2022. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet til kommunestyret var kr. 871 704. Kommunestyret vedtok eit budsjett på kr. 647 704. Dette er ei reduksjon på kr. 224 000. Ut i frå redusert budsjett må kontrollutvalet redusere aktiviteten. Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimeteneste vert bestilt i dette møte, 02.03.2022. Rapporten vert ferdig våren 2023. Dette grunna redusert budsjett.

Kommunestyret har vedteke møteplanen for første halvår i 2022. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplan også for andre halvår.

### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. Kommuneleova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Deler av møteplanen for Fitjar kommune for 2022 er lagt inn i tabellen.

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
02.03.2022	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - prosjektplan		23.03.2022
04.05.2022	Uttale til kommunerekneskapen	08.06.2022	15.06.2022
14.09.2022	Budsjett 2023 – for kontrollutvalet		
07.12.2022			

### Konklusjon

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2022 slik den ligg føre.



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/121-1  
**Saksbehandlar** Helge Inge Johansen  
:

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	4/22	02.03.2022

### Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

#### Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemene vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	08.12.2021
Formannskapet	24.11.2021, 19.01.2022 og 24.02.2022
Utval for plan og miljø	07.12.2021 og 15.02.2022
Utval for oppvekst og omsorg	09.02.2022
Viltnemnda	

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/117-1  
**Saksbehandlar** Helge Inge Johansen  
:

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	5/22	02.03.2022

### Eventuelt

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

### **Vurderingar og verknader**

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

### **Konklusjon**

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.



Kontrollutvalet  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Att.: Helge Inge Johansen

Dykkar ref:

Vår ref:  
2022/203-280/2022

Sakshandsamar:  
Trond Salmo

Arkivkode:  
150

Dato:  
12.01.2022

## Melding om vedtak - Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 Fitjar kommune

Vedlagt føl møtebok med vedtak for sak PS 82/21 – Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 – handsama i Fitjar kommunestyre 08.12.2021.

Me opplyser om at vedteke budsjetttramme for kontrollutvalet 2022 er på kr. 647.704,-.

Heile budsjettvedtaket er å finna på Fitjar kommune si nettside, under 'Politikk' og 'Budsjett og økonomiplanar'.

Med helsing  
Fitjar kommune

Trond Salmo  
økonomisjef

Bente Fitjar  
møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur*

Vedlegg

1 Vedtak Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

# FKT Fagkonferansen 8.-9. juni 2022



Velkommen til FKTs Fagkonferanse 2022 – 8.-9. juni på [Lily Country Club](#)

**Årsmøtet** vil bli holdt 8. juni, se [informasjon om årsmøtet](#)

**Lily Country Club** ble åpnet i 2020 og ligger på Kløfta, 10 min med buss fra Oslo Lufthavn Gardermoen. Se hotellets flotte [bildegalleri](#)

**Hovedtema:** (Vi tar forbehold om endringer)

- **Kontrollutvalget som bestiller**

Hvordan kan kontrollutvalget bli en kreativ og aktiv deltaker i utarbeidelse av risiko- og vesentlighets vurderinger og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll? Hvordan kan sekretariatet bidra og være en god tilrettelegger for kontrollutvalget?

Hvilken rolle bør kontrollutvalget ha når innholdet i etterlevelseskontrollen skal bestemmes? Hva er nok for at etterlevelseskontrollen er dekkende for kontrollutvalget sitt påseansvar?

- **Henvendelser til kontrollutvalget**

Hvordan henvendelser til kontrollutvalget best kan følges opp, kan være vanskelig å avgjøre. Det er få kontrollutvalg og sekretariat som har avtalt faste rutiner for hvordan henvendelser skal mottas og følges opp. FKT har utarbeidet en veileder med en rekke anbefalinger som vi presenterer på konferansen.

- **Habilitet og rolleklarhet**

Hvorfor er habilitet og klare roller i forvaltningen så viktig når det skal tas beslutninger som har konsekvenser for folks liv og virke? Er tilliten til forvaltningens upartiskhet så avgjørende at man i små kommuner ikke kan leve med litt inhabilitet?

- **Varslingssystem i kommuner**

Arbeidstaker har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i arbeidsgivers virksomhet. Kommunene har plikt til å utarbeide rutiner for intern varsling, men har kommunene i dag forsvarlige kanaler som tar imot meldinger om kritikkverdige forhold?

Flere kommuner har etablert eksterne kanaler for å sikre trygghet for varsleren. Vi vil presentere et eksempel.

- **Kommunedirektørens internkontroll**

[En ny veileder](#) fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet tar for seg de rettslige rammene for kommunedirektørens internkontroll. Målgruppen for veilederen er «kommuner og fylkeskommuner, statsforvaltere og andre tilsynsorganer, og andre aktører som er opptatt av internkontroll i kommunesektoren».

Vi vil også legge vekt på eksempler – funn og erfaringer fra revisors arbeid. Det er flere rapporter som viser at grunnleggende internkontroll i kommunene har store svakheter.

**Program (pdf)** blir lagt ut her. Arbeidet med detaljene i programmet pågår.

**Pris:** 6 900 for medlemmer | 7 300 for andre | 1 090 for ekstra overnatting 7.- 8. juni

**Påmeldingsfrist:** tirsdag 19. april



17. desember 2021

## Kjære medlemmer

Inngangen til denne julen har blitt litt annerledes enn det mange av oss hadde sett for seg. Det blir en ny runde med fjernmøter og hjemmekontor for de fleste av oss en tid framover nå. Møter som må holdes for lukkede dører kan igjen gjennomføres som fjernmøter. Departementet har fastsatt en [forskrift](#) som gir et midlertidig unntak fra loven.

De mest observante av dere har kanskje allerede lagt merke til den nye logoen vår. I høst har styret jobbet med ny visuel profil for FKT, herunder ny logo som vi nå bruker for første gang.

Uttrykket i logoen er formell og skal understreke organisasjonen som en seriøs og trygg aktør. Logoen tar igjen initialene i navnetrekket der f og t har tilnærmet lik, men speilvendt utforming. Disse skal gi en subtil assosiasjon til paragraftegnet og til klammer rundt k'en. Ved at de to ytterste bokstavene vender mot hverandre gir det også en assosiasjon til møteplass, dialog og trygge rammer. Dere kan ganske snart se den nye visuelle profilen på hjemmesiden vår.

### SEMINAR OG KONFERANSER

FKT er godt i gang med å planlegge vårens aktiviteter. Her er noen smakebiter:

[Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen 10.-11. januar 2022 \(webinar\)](#)

Sted: Teams

Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen bør være sentral for utvalgets dialog med kommunestyret. Derfor er det viktig at uttalelsen ikke blir et årlig ritual med liten informasjonsverdi. Webinaret har til hensikt å gi begrunnede og gode råd om hvordan uttalelsen kan utformes.

Påmelding fra hjemmesiden (lenken over). Vi tar i mot påmeldinger løpende.

### [Sekretariatskonferansen 22.-23. mars 2022](#)

Sted: Scandic Lillestrøm

Tema for samlingen:

- Internkontroll og risikovurdering i sekretariatene
- Bør vi normere sekretariatsrollen?
- Håndtering av henvendelser i kontrollutvalget (ny veileder)
- Hva bør etterlevelseskontrollen inneholde for å være dekkende for kontrollutvalget sitt påseansvar?
- Vi har satt av tid til å diskutere ulike problemstillinger som sekretariatene har spilt inn i løpet av året.

Du kan melde deg på fra hjemmesiden. Der er temaene nærmere omtalt.

### [Fagkonferansen 8.-9. juni 2022](#)

Sted: Lily Country Club (10 min. med buss fra Gardermoen)

Noen tema for samlingen:

- Kontrollutvalget og gode bestillinger
- Henvendelser til kontrollutvalget
- Rolleklarhet og habilitet i kommunen
- System for varsling i kommunen
- Kommunedirektørens internkontroll

Du kan melde deg på fra hjemmesiden allerede nå. Der er temaene nærmere omtalt.

## **NYE VEILEDERE**

### [Personvernrutine for kontrollutvalgssekretariat](#)

Sekretariatene har visse plikter etter personvernregelverket når personopplysninger samles inn og brukes. I høst har FKT derfor utarbeidet en mal som kan være til hjelp slik at sekretariatene kan få bedre oversikt over behandling av personopplysninger. Formålet er å sikre at personopplysninger behandles på en forsvarlig måte.

Vi minner ellers om at FKT tilbyr [Personvernombudstjeneste](#) for kontrollutvalgssekretariat.

### [Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning – nå på begge målformer](#)

I forbindelse med webinarer om kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning, har vi sørget for at veilederen finnes på begge målformer.

---

## **FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN**

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / +47 414 71 166 / fkt@fkt.no / www.fkt.no

## VEILEDERE SOM KOMMER

Vi tar sikte på å sende to nye veiledere på høring i løpet av vinteren: Veileder for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget og veileder for riskovurderinger i sekretariatene.

Mange av dere har spurt om når departementet vil komme med en ny utgave av *Kontrollutvalgsboken*. Departementet har informert oss om at de planlegger publisering av den digitale utgaven 22. desember. Papirutgaven trykkes på nyåret.

## ANNET FAGLIG PÅFYLL

FKT arrangerte Kontrollutvalgslederskolen for andre gang 18.-19. oktober. Tema var varsling, granskning og henvendelser. Her kan du se opptak. [Opptak fra KU-lederskolen](#)

Hør presentasjon av de mest sentrale KOFA avgjørelsene det siste året

Advokat og nemndsmedlem Kristian Jåtog Trygstad, presenterer alt du trenger å vite om de mest sentrale KOFA avgjørelsene det siste året. [De viktigste KOFA avgjørelsene](#)

Generalsekretæren har hatt to innlegg i Kommunal Rapport der uavhengigheten til kontrollutvalget problematiseres: 20.9 2021 [Er det trygt å varsle til kontrollutvalget?](#) og 15.12 2021 [Uavhengigheten og tilliten til kontrollutvalget må ivaretas](#)

## STYRET

Styret har hatt møter 18. oktober og 13. desember. Du finner protokollene på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styrets møtekalender for våren 2022 ser slik ut: 1. februar, 21. mars, 26. april og 7. juni

## NYE MEDLEMMER

Fra 2022 har vi 214 medlemmer: (186 kommuner, 7 fylkeskommuner og 21 sekretariat)

*Med ønske om en riktig god jul!*

**Anne-Karin Femanger Pettersen**

Generalsekretær